

STATISTIKK FOR ARKIV, BIBLIOTEK OG MUSEUM 2007

ABM-UTVIKLING

POSTBOKS 8145 DEP
N-0033 OSLO

TELEFON: 23 11 75 00
TELEFAKS: 23 11 75 01

POST@ABM-UTVIKLING.NO
WWW.ABM-UTVIKLING.NO

ISSN 1503-5972 (TRYKT UTG.)
ISSN 1504-9167 (ONLINE)
ISBN 978-82-8105-067-9

OMSLAG: LARS FISKE

TRYKK: 07 GRUPPEN AS

ABM-UTVIKLING 2008



241 379
Trykksak

INNHALD

FORORD	4
1. ARKIVSTATISTIKK 2007	
HOVUDTREKK FRÅ ARKIVSTATISTIKKEN	6
FIGURAR.....	10
TABELL 1: DRIFTSINNTEKTER.....	15
2. BIBLIOTEKSTATISTIKK 2007	
2.1 HOVUDTREKK FRÅ FOLKE- OG SKULEBIBLIOTEKSTATISTIKKEN	24
2.2 HOVUDTREKK FRÅ FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEKSTATISTIKKEN	28
FIGURAR.....	29
TABELL 1: FOLKEBIBLIOTEK ETTER KOMMUNESTORLEIK	36
TABELL 2: FOLKEBIBLIOTEK ETTER FYLKE	39
TABELL 3: FOLKEBIBLIOTEK – KOMMUNAR.....	44
TABELL 4: FYLKESBIBLIOTEK	64
TABELL 5: MOBIL BIBLIOTEKVERKSEMD	66
TABELL 6: FENGSELSBIBLIOTEK	67
TABELL 7: BIBLIOTEK I VIDAREGÅANDE SKULE.....	68
TABELL 8: BIBLIOTEK I GRUNNSKULEN	70
TABELL 9: NORSK LYD- OG BLINDESKRIFTBIBLIOTEK	71
TABELL 10: FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEK	72
FORKORTINGAR TIL FAG- OG FORSKINGSBIBLIOTEKSTATISTIKKEN	82
3. MUSEUMSSTATISTIKK 2007	
HOVUDTREKK FRÅ MUSEUMSSTATISTIKKEN	84
FIGURAR.....	88
TABELL 1: SELSKAPSFORM.....	93
TABELL 2: STORLEIK OG OMFANG PÅ SAMLINGANE	94
TABELL 3: ARKIVMATERIALE	99
TABELL 4: OPNINGSDAGAR, TILRETTELEGGING OG TOTALT BESØK	100
TABELL 5: BESØK, ENKELTBESØK OG GRUPPEBESØK	101
TABELL 6: BYGNINGAR OG UTSTILLINGAR	103
TABELL 7: INTERNETTILBOD OG OPNE MØTE.....	104
TABELL 8: PEDAGOGISK VERKSEMD OG SÆRSKILTE TILTAK	105
TABELL 9: ÅRSVERK	106
TABELL 10: KOMPETANSEUTVIKLING OG SAMARBEID.....	107
TABELL 11: SIKRINGS- OG BEVARINGSTILTAK	108
TABELL 12: ØKONOMI.....	109
NAMN PÅ DEI 100 MEST BESØKTE MUSEA I 2005	111

FORORD

For første gong femner statistikken over heile abm-sektoren, i og med at også norske arkiv er med. Førebels er det berre ei pilotundersøking der det er henta inn statistikk frå 33 arkivinstitusjonar. Siktemålet er sjølv sagt å få inn data frå alle institusjonar som tek i mot arkiv, også bibliotek og museum. Dei 33 som er med i pilotundersøkinga representerer statleg, fylkeskommunal og kommunal sektor. Mest alle desse institusjonane tek òg vare på arkivmateriale frå privat sektor.

Arkivstatistikken viser mellom anna at det totale talet på besøk i arkivinstitusjonane i 2007 var 42 799. I høve til museum og bibliotek er det lite, men det viser kor stor skilnad det er mellom dei ulike sektorane. Arkiv er ikkje noko ein berre stikk innom. Ofte ventar og krev ein brukar personleg og tidkrevjande rettleiing og service.

I museum og bibliotek er besøket mykje større. Museum passerte for første gong 10 millionar besøk i 2007. Dette er ein auke på nærare 10 prosent i høve til året før.

I folkebiblioteka har trenden gått den andre vegen. Her har besøket gått ned med nærare 2,8 prosent i 2007. Denne nedgangen kjem i tillegg til ein nedgang på 5,3 prosent i 2006. At besøkstalet har gått ned med nærare 8 prosent på to år kan ha fleire årsaker, mellom anna ein auke i bruken av bibliotekas nettenester. Dersom ein går inn på tala ser ein og at 47 prosent av biblioteka faktisk har hatt ein auke i besøkstala i 2007.

Utlånet i folke-, fag- og forskingsbiblioteka auka i 2007 i høve til året før. Utlånet av bøker i

fag- og forskingsbiblioteka gjekk ned med rundt 2,5 prosent, men blei meir enn oppvegd av ein auke i nedlastingar av elektroniske dokument på 40 prosent. Meir enn 10 millionar utlån og elektroniske nedlastingar blei foretatt i fag- og forskingsbiblioteka i 2007, noko som er ein auke på nesten 20 prosent i høve til 2006.

I folkebiblioteka har det totale utlånet gått litt ned i 2007. Men dersom ein ser på utlånet av ulike medium, ser ein at det er trykte bøker som har nedgang, medan utlånet av lydbøker aukar.

Arkiva fører statistikk over publikumsførespurnader. I 2007 hadde dei 33 arkivinstitusjonane i pilotundersøkinga totalt 83 397 publikumsførespurnader som fekk skriftlege svar. Av desse var 39 674 knytte til velferdsformål, 31 036 er spørsmål om eigedomsdokumentasjon og 12 687 er andre spørsmål.

I musea var det ein auke i tal på gjenstandar, fotografi, utstillingar, opne møte og andre arrangement, samt tal på årsverk fast tilsette.

Totalt har vi fått utfylte skjema frå nærare 4200 institusjonar. Desse har rapportert for om lag 4700 einingar eller sørvisstadar. Innsamling og vidare bearbeiding av statistikken har som tidlegare år vore eit samarbeidsprosjekt mellom ABM-utvikling, Statistisk sentralbyrå og institusjonane som sender inn statistikk. Statistikken frå 2007 blei samla inn våren 2008. Nokre få institusjonar har levert statistikk via e-post og papir, elles er alle data samla inn ved hjelp av web-skjema. For at vi skal få mest mogleg aktuell statistikk hadde

enkelte skjema endringar i spørsmåla i forhold til året før.

Oppsettet i publikasjonen følgjer stort sett same mal som tidlegare, med fylkesvise tabellar og nøkkeldata frå einskilde kommunar og institusjonar. Det er etablert arbeidsgrupper for både museums- og bibliotekstatistikk, med representantar både for brukarar og Statistisk sentralbyrå. Dette er eit fruktbart samarbeid som vil føre til stadig fornying og forbetring av spørsmåla.

Ved hjelp av den årlege opptellinga kan den einskilde institusjon følgje eiga utvikling frå år til år. Ved hjelp av tabellar forsøker vi å gi eit representativt bilete av bestand, aktivitet, besøk, årsverk og økonomi i dei institusjonane som har registrert statistikk. Vi veit at statistikken blir mykje brukt av alle som har interesse for og arbeider for ei god utvikling av norske arkiv, bibliotek og museum. Tala er ein viktig del av den norske kulturstatistikken.

Vi ønskjer å rette ei takk til Statistisk sentralbyrå og fylkesbiblioteka for godt samarbeid, tålmod og gode råd. Samstundes rettar vi ei stor takk til alle som har brukt tid på å registrere og samanstille informasjonen slik at den passar inn i våre skjema, og håpar denne publikasjonen kan vere ei interessant tilbakemelding.

Leikny Haga Indergaard, direktør
Tone Moseid, avdelingsdirektør
Karen Marie Ellefsen, seniorrådgjevar
Thor Arne Landsverk, senioringeniør
Erlend Ra, rådgjevar
Tertit Knudsen, rådgjevar
Synne Stavheim, seniorrådgjevar
Eli Solberg, rådgjevar

Arkivstatistikk 2007

Hovudtrekk frå arkivstatistikken

Arkivstatistikken for 2007 er ei pilotundersøking som omfattar ei avgrensa mengd arkivinstitusjonar. Desse utgjer likevel mest heile landskapen av spesialiserte arkivfaglege bevaringsinstitusjonar («reine» arkiv av ein viss storleik). Målet for statistikken er å gje eit bilete av aktivitetar, resultat og ressursar i arkivsektoren.

Spørsmåla i arkivstatistikken er utarbeidd av ABM-utvikling i samarbeid med ei referansegruppe. Desse har vore med i referansegruppa:

- Svein Fygle, ABM-utvikling
- Anne Hals, Riksarkivet
- Odd Halvorsen, Statsarkivet i Oslo
- Harriet Marie Terjesen, Fylkesarkivet for Vestfold
- Gudmund Valderhaug, Hordaland fylkesarkiv (tidlegare ABM-utvikling)
- Snorre D. Øverbø, Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Arkivstatistikken for 2007 omfattar desse 33 institusjonane:

- Riksarkivet
- Statsarkivet i Bergen
- Statsarkivet i Kristiansand
- Statsarkivet i Stavanger
- Statsarkivet i Trondheim
- Statsarkivet i Kongsberg
- Statsarkivet i Hamar
- Statsarkivet i Oslo
- Statsarkivet i Tromsø

- Tromsø bibliotek og byarkiv
- Bergen byarkiv
- Stavanger byarkiv
- Trondheim byarkiv
- Haugesund byarkiv
- Oslo byarkiv
- Arkiv i Nordland
- Fylkesarkivet for Vestfold
- Fylkesarkivet for Oppland
- Fylkesarkivet for Sogn og Fjordane
- Hordaland fylkesarkiv
- IKA Kongsberg, Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark
- Interkommunalt arkiv Trøndelag iks
- Interkommunalt arkiv Troms
- Opplandsarkivet, sekretariatet
- Interkommunalt arkiv Finnmark
- Interkommunalt arkiv i Rogaland
- Interkommunalt arkiv i Hordaland
- Østfold interkommunale arkivselvskap IKS
- Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal
- Interkommunalt arkiv i Vest-Agder
- Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek
- Aust-Agder kulturhistoriske senter
- Misjonsarkivet

Arkivinstitusjonane i pilotundersøkinga representerer statleg, fylkeskommunal og kommunal sektor. Mest alle desse institusjonane tek òg vare på arkivmateriale frå privat sektor. Opplandsarkivet er eit museumsnettverk, og utgjer såleis ein eigen kategori i undersøkinga. Det vidare arbeidet med

- Dei 33 arkivinstitusjonane hadde ca 360 000 hyllemeter papirarkiv, tilsvarande avstanden frå Oslo til Mandal.
- Det vart i 2007 levert 355 uttrekk frå elektroniske arkiv til institusjonane.
- Dei 33 arkivinstitusjonane hadde seks millionar fotografi.
- Digitalisering av tekstdokument dominerer over andre medietypar. Totalt er det digitalisert ca 8 millionar dokumentsider i institusjonane.

statistikken skal ha som siktemål å få inn data frå alle institusjonar som tek i mot arkiv, mellom anna slik at statistikken omfattar arkivarbeidet i bibliotek og museum (bevaringsinstitusjonar for arkiv som ikkje er reine arkivinstitusjonar).

Alle institusjonar omfatta av pilotundersøkinga fekk brev med passord og brukarnamn. Statistikkopplysningane vart lagt inn av kvar institusjon i eit web-skjema, i same database som statistikken frå bibliotek og museum. Alle institusjonane som fekk brev om statistikkrapportering har svart ved å leggje inn opplysningar. Vi har difor ein svarprosent på 100 det første året av arkivstatistikken.

Det er store skilnader i kva for spørsmål i skjemaet institusjonane har svart på. På nokre spørsmål har enkelte institusjonar berre lagt inn totalsum eller tilvekst. Det fører til at ikkje alle summene stemmer. Skjemaet er nytt og ein har såleis ikkje opparbeidd rutinar for å sikre konsekvent innrapportering av alle opplysningane det vert spurt etter. ABM-utvikling vil arbeide vidare med presisering av spørsmåla og endre punkt som kan verke uklare og utvikle hjelpetekstene vidare. Kommentaranane som er mottekne frå innhentinga av statistikken i år, vil bli tekne med i det vidare arbeidet for å betre kvaliteten på skjemaet, slik ein må vente av ei pilotundersøking. Det tek tid å bygge opp god statistikk.

Sidan vi berre har opplysningar frå eitt år, kan vi førebels ikkje syne tendensar og utvikling over tid. Tala i denne undersøkinga gjev såleis berre eit tidsbilete av korleis tilhøva var i 2007. På viktige

punkt er det difor interessant å sjå utviklinga etter at ABM-utvikling avslutta den breie arkivkartlegginga (2003-2006) som er lagt fram i ABM-skrift #40, Til kildene! (2007).

Papirbaserte arkiv

Institusjonane som var omfatta av undersøkinga opp at dei hadde 354 983 hyllemeter papirarkiv i depot i 2007. Det var 47 947 hyllemeter frå privat samfunnssektor (verksemder, organisasjonar og personar). Den samla tilveksten av offentlege arkiv i 2007 var på 8 445 hyllemeter. Den samla tilveksten av privatarkiv i 2007 var på 2 405 hyllemeter. Det er registrert 24 869 enkeltarkiv med privat proveniens og enkeltarkiv med offentlig proveniens. Det er varierende storleik på enkeltarkiva. Dei kan innehalde alt frå eitt dokument til fleire tusen hyllemeter arkivsaker.

Det må presiserast at fleire interkommunale arkivselvskap i liten grad har eigne depot for bevaring av arkiv (sjølv om desse i aukande grad blir depotinstitusjonar). Deira rolle er å utvikle arkivarbeidet i eigarkommunane og i nokon grad å arbeide med arkivmateriale som kommunane har i eigne magasin. Tal for besøk og publikumsformidling må også sjåast i denne samanhengen.

Elektroniske arkiv

Det er per 2007 avlevert 355 uttrekk frå elektroniske arkiv til institusjonane. Eit uttrekk er eit datamateriale som er eksportert frå eit system til eit anna. Informasjonen blir lagra uavhengig av

bestemte programsystem. Det offentlege materialet er nærast einerådande når det gjeld deponert og avlevert elektronisk arkivmateriale. I 2007 tok Arkivverket i mot 53 uttrekk og dei kommunale arkivinstitusjonane tok til saman i mot 147 uttrekk frå elektroniske arkiv.

Fotografisk materiale

Institusjonane har gitt opp at dei hadde 6 356 360 foto totalt. Av dette er totalt 2 529 348 foto registrert i katalogsystem. Den samla tilveksten i 2007 var på 71 160 foto. Av dette er 17 513 foto registrert i katalogsystem.

Det er store skilnader på korleis institusjonane rapporterer om foto i samlingane. Nokre hoppar over dette, utan å gje eit estimat på kor mange fotografi det finst i samlinga, medan andre kjem med presise tal. Tala i statistikken vil difor vere lågare enn dei reelle tala.

Magasinkapasitet

Den totale magasinkapasiteten i arkivinstitusjonane er 414 665 hyllemeter. Rapporteringa syner at 325 698 hyllemeter av magasinkapasiteten er brukt (det vil seie samla arkivbestand). Det er 88 967 ledige hyllemeter. Den ledige kapasiteten er relativt liten sett i forhold til meldte avleveringar når det gjeld offentlege arkiv og i forhold til utfordringane på privatarkivområdet.

Tilgang for publikum

Alle institusjonane som er depotinstitusjonar svarar at samlingane er tilgjengelege for publikum. Alle depotinstitusjonane har òg katalogar over arkivbestanden.

Nettenester

31 institusjonar har eigne nettsider. Av desse gjev 21 institusjonar tilgang til arkivkatalogar på nettet.

Besøk

Det er 247 grupper som har fått omvising. Det samla talet for besøk i arkivinstitusjonane i 2007 er 42 799.

Arkiv er ikkje noko ein «stikk innom». Ofte ventar og krev ein brukar personleg og tidkrevjande rettleiing og service. Det kan vere fleire og samansette årsaker til at ein besøker ein arkivinstitusjon, som til dømes innhenting av rettighetsinformasjon, forskning og studieverksemd, hobbyformål eller at ein vil delta på eit arrangement. Mange brukarar er i kontakt med institusjonane over telefon. Desse kjem ikkje med i denne statistikken. Dette er viktig å ha med seg når tala skal

tolkast. I tillegg er fleire av institusjonane arkivfaglege institusjonar med vekt på konsulenttenester, og ikkje primært retta mot å ta i mot besøk frå publikum.

Førespurnader frå publikum

Det er totalt 83 397 publikumsførespurnader i 2007. Av desse er 39 674 knytte til velferdsformål, 31 036 er spørsmål om eigedomsdokumentasjon og 12 687 er andre spørsmål.

Førespurnader frå publikum er i denne statistikken definert som dei førespurnadane som har fått skriftleg svar (skriftleg sakshandsaming). Med velferdsformål er meint saker som inneheld dokumentasjon av personlege interesser og rettar av andre slag enn eigedomsinformasjon. Det kan dreie seg om dokumentasjon på skolegang, arbeidstilhøve, pensjonsrettar, sosiale tilhøve med meir. Førespurnader om eigedomsspørsmål er ei anna stor gruppe av førespurnader frå publikum. Det kan vere interessant å følgje denne saksgruppa over tid etter som eigedomsarkiva er eit prioritert område for digitalisering og for tilgjenge via internett. Ein vil difor over tid kunne forvente ein nedgang i talet på eigedomssaker som krev personretta sørvis og skriftleg sakshandsaming.

Særskilde tiltak

Tala syner stor aktivitet. Til dømes har institusjonane delteke i 132 opne arrangement. Dei tilsette ved institusjonane held 255 foredrag i 2007. 59 fysiske utstillingar vart presenteret av institusjonane, trass i at få arkivinstitusjonar har tilpassa lokale for dette.

Tiltak mot utdanningssektoren

176 grupper/klassar var deltakarar i undervisningsopplegg, og det var 80 orienteringsmøte for studentar og forskingsmiljø.

Tala syner at arkiva arbeider med undervisningsopplegg for barn og unge. Til dømes produserte institusjonane 44 undervisningsopplegg.

Digitalisering

Det er per 2007 digitalisert totalt 8 017 831 dokumentsider i institusjonane. Av andre medietypar er det digitalisert 162 389 einingar av foto, 35 193 einingar av film og 4 159 einingar av lyd/lydfiler. Det er digitalisering av tekstdokument som dominerer over andre medietypar. Tala på digitalisert materiale frå Riksarkivet omfattar heile Arkivverket (med statsarkiva).

Det er viktig for arbeidet med digitalisering i

arkivsektoren at satsing og resultat vert gjort synleg. Gjennom arkivstatistikken vil ABM-utvikling skaffe fram oversyn over kva for medietypar og kor mykje som blir digitalisert. I år er institusjonane bedne om å rapportere om kor mange dokument sider dei har digitalisert totalt per 31.12. 2007, og om tilveksten i 2007. Vi har i ettertid blitt klar over at omgrepet «dokumentsider» ikkje er godt i denne samanhengen. Eit digitalisert bilete av ei bok kan innehalde to boksider eller eitt oppslag. Ulik forståing av dette kan ha påverka tala denne gongen. Det skal arbeidast vidare med ei presisering av kva for einingar som skal brukast i samband med digitalisering i neste statistikkinnhenting.

Arbeid mot arkivskapar og arkivdanning

Det vart brukt 9 751 dagsverk til tilsyn og rettleiing ved arkivinstitusjonane i undersøkinga. 2 332 deltakarar frå arkivskaparar deltok på kurs som vart arrangert av institusjonane. Det vart til dømes arrangert kurs for arkivskaparar om ordning av arkiv, avleveringsrutinar, arkivplan osv.

Stillingar

Tala syner at 393 personar er tilsette i faste stillingar i institusjonane, Arkivverket medrekna (i Arkivverket er det 221 fast tilsette personar). Totalt 335 årsverk er sette av til arkivfaglege stillingar. Ei arkivfagleg stilling er ei stilling der ein hovudsakleg gjer arkivfagleg arbeid, ikkje rein administrasjon, reinhald eller andre spesialoppgåver. Fordelinga mellom kvinner og menn syner ei lita overvekt av kvinner, med 260 kvinner mot 226 menn. I museumssektoren, som i denne undersøkinga berre omfattar Opplandsarkivet, er det òg betydeleg frivillig arbeidsinnsats. Det bør vurderast om denne kategorien skal vere med i rapporteringsskjemaet når arkivstatistikken seinare skal omfatte arkivarbeidet i museum og andre institusjonar.

Skade og tjuveri

Det er rapportert om eitt tjuveri av arkivmateriale for året 2007. Fem institusjonar har rapportert om vassinntrenging eller fare for vassinntrenging, og ein institusjon har rapportert om at det er registrert skade frå sopp, insekt eller anna som heng saman med klimatiske tilhøve.

Driftsinntekter og driftskostnader

Institusjonane utanfor Arkivverket fekk 76 374 000 i kommunalt tilskot, 24 580 000 i fylkeskommunalt tilskot, 6 658 000 i statleg tilskot og 29 466 i tilskot frå privat sektor.


Tildeling (statsbudsjettet) for Arkivverket (Riksarkivet, dei åtte statsarkiva og Samisk arkiv) for 2007 var 199 597 000 kroner.

På økonomisida er det rapporterte talmaterialet av varierende kvalitet. Det knyter seg difor enkelte problem til tolkinga av desse tala. Det er skilnader blant dei ulike institusjonane når det gjeld måten husleige og andre driftskostnadar vert førte på. Det er òg nokre institusjonar som ikkje har levert alle opplysningane om økonomi som det vert spurt etter i skjemaet.


Vidare arbeid

Referansegruppa skal gjennomgå og drøfte resultatane frå den første statistikkinnhentinga med sikte på å gjere forbetringar i skjemaet for neste års innhenting. Opplegg for arkivstatistikken vil og bli drøfta med Statistisk sentralbyrå.


Institusjonenes arkivbestand i hyllemeter




Tilvekst i 2007. Private og offentlige i hyllemeter




Talet på enkeltarkiv totalt




Magasinkapasitet i hyllemeter




Publikumsførespurnader




Digitalisering




Årsverk



Årsverk



Driftsinntekter utanom Arkivverket (NOK i heile 1 000)



Tabell 1. Arkiv (Driftsinntekter i 1 000 kr)

Arkiv	Arkivbestand		Arkivbestand ordna		Privatarkiv bestand		Privatarkiv ordna		Enkeltarkiv		
	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Privat	Offentleg
Østfold	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
interkommunale arkivselskap IKS											
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	6 653	109	5 496	200	6 653	109	5 496	200	1 576	1 576	0
Oslo byarkiv	17 944	588	6 528	400	1 614	124	726	30	918	248	670
Riksarkivet	117 800	1 800	115 764	1 336	10 361	385	9 500	476	5 485	3 937	1 548
Statsarkivet i Oslo	18 301	462	16 871	305	542	37	540	36	1 680	245	1 435
Statsarkivet i Hamar	8 934	341	8 774	341	517	21	497	19	780	340	440
Fylkesarkivet i Oppland	3 700	300	700	75	100	0	70	0	700	3	697
Opplandsarkivet	3 500	100	2 800	100	2 700	100	2 700	100	4 606	3 826	80
IKA Kongsberg	3 600	500			58	48	58		3 500	50	3 450
Statsarkivet i Kongsberg	11 201	798	9 990	10 594	340	342	340	342	1 404	1 352	52
Fylkesarkivet for Vestfold	1 582	61	772	240	906	58	441	230	889	767	122
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS	6 310		5 900		2 800		2 750		3 421	1 548	1 883
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	2 400	650	1 550	115	4	2	2	0	1 659	5	1 654
Statsarkivet i Kristiansand	9 370	131	8 980	149	1 808	25	1 678	43	2 239	1 331	908
Haugesund byarkiv	2 000	50	1 700	50	180	1	120	1	120	50	70
Interkommunalt arkiv i Rogaland	3 536	213	3 000	180	574	7	574	7	40	10	30
Misjonsarkivet	1 521	21	833	8					253		
Statsarkivet i Stavanger	12 218	692	11 702	183	4 000	509	3 730			1 487	
Stavanger byarkiv	5 000		4 000		230	20	230		587	264	317
Bergen byarkiv	22 431	750	15 000		5 560	200	2 500		2 498	1 372	1 136
Hordaland fylkesarkiv	2 568	70	1 336	55	254	41	140	50	220	68	152
Interkommunalt arkiv i Hordaland	721	49	537	40	0	0	0	0		0	0
Statsarkivet i Bergen	13 327	201	12 000		450	0	440		900	235	665
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	6 380	350	4 000	300	1 100	50	400	70	4 500	2 200	2 300
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal	3 000	330							2 033	195	1 838
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	2 809	380	1 173	260	152	20	28	16	242	171	16
Statsarkivet i Trondheim	22 470	1 065	20 600	1 050	1 670	20			3 000	2 370	630
Trondheim byarkiv	30 000		276	276	200	2	0	0	227	35	192
Arkiv i Nordland	4 600	293	3 900	294	3 700	234	3 300	207	518	420	98
Interkommunalt arkiv Troms	970		314								
Statsarkivet i Tromsø	8 442	508	8 258	458	1 471	50	1 380	30	1 205	719	486
Tromsø bibliotek og byarkiv	1 335	2,8	469	0		0	5	0		33	
Interkommunalt arkiv i Finnmark	360	35	125	18	3		3			12	

Arkiv	Uttrekk off. sektor		Uttrekk privat sektor		Kart		Teikningar		Kart reg. i kat.syst.		Teikningar reg. i kat.syst.	
	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst
Østfold	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
interkommunale arkivselskap IKS												
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	0		0				600				500	
Oslo byarkiv	32	1	0	0	1 068		1 183					
Riksarkivet		50		0	204 000	0		0	204 000	0		
Statsarkivet i Oslo												
Statsarkivet i Hamar	22	3	3	0	830	0	250	0	830	0	250	0
Fylkesarkivet i Oppland	13	1	0	0								
Opplandsarkivet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKA Kongsberg	25	10	0						0		0	
Statsarkivet i Kongsberg	2	0	0	0								
Fylkesarkivet for Vestfold	0	0	0	0	10	0	13 000	50	0	0	0	0
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS	5	2			3 000		1 000		2 000			
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	1	1	0	0	100	10	2 000	500	0	0	0	0
Statsarkivet i Kristiansand					1 100	0	14 420	0	1 082	12		
Haugesund byarkiv	0	0	0	0	60	0	50	0	50	0	50	0
Interkommunalt arkiv i Rogaland	12	12	0	0	500	500	0	0	500	500	0	0
Misjonsarkivet	0		0		390	0	100	0	320	0	50	0
Statsarkivet i Stavanger	1		2		14 246	1 000	6 918	1 000	14 246		6 918	
Stavanger byarkiv	0		0		600		170		126		30	
Bergen byarkiv	21	19	0	0	30 000		100 000				6 000	
Hordaland fylkesarkiv	0	0	0	0	1 000	0	500	400	0	0	0	0
Interkommunalt arkiv i Hordaland	41	14	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Statsarkivet i Bergen	0	0	0	0	3 000	0	3 500	0	3 000	0	3 500	2 700
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	17	17			100	0	200	10				
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal	40	6										
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	91	84			500	0	1 000	0	0	0	0	0
Statsarkivet i Trondheim	0	0	0	0								
Trondheim byarkiv	0	0	0	0	4 500				1 500			
Arkiv i Nordland	2	2	0	0	1 500	100	50 000	150	0	0	0	0
Interkommunalt arkiv Troms												
Statsarkivet i Tromsø	25	0	0	0	78	0	55	0	0	0	0	0
Tromsø bibliotek og byarkiv	0	0	0	0		0		0	297	0	205	0
Interkommunalt arkiv i Finnmark					20		50					

Arkiv	Foto		Foto reg. i kat.syst.		Film/videoopptak		Film/video reg. i kat.syst.		Lydfestingar	
	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst
Østfold	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
interkommunale arkivselvskap IKS										
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	1 382 600	19 300	20 000							
Oslo byarkiv	600 000		319 000	1 000	3 470	2 000	3 470	2 000		
Riksarkivet	800 000		800 000		27 102		27 102		2 413	
Statsarkivet i Oslo										
Statsarkivet i Hamar	0		0		0		0		0	
Fylkesarkivet i Oppland	50 000	10 000	19 000	8 000						
Opplandsarkivet	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKA Kongsberg	0		0		0		0		0	
Statsarkivet i Kongsberg										
Fylkesarkivet for Vestfold	36 000	700	7 100	2 500	82	37	43	0	230	2
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS	350 050	50	350 050				2		10	2
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	750	50	6	1	0	0	0	0	0	0
Statsarkivet i Kristiansand	84 660	60			254	0			3 990	0
Haugesund byarkiv	100	0	100	0	0	0	0	0	0	0
Interkommunalt arkiv i Rogaland	7 000	0	7 000	0	0	0	0	0	0	0
Misjonsarkivet	410 000	10 000	10 000	2 200	300	25	200	0	450	0
Statsarkivet i Stavanger	1 100 000				316					
Stavanger byarkiv	1 000 000	5 000	878 492	312	322				50	
Bergen byarkiv	200 000		1 100		300				100	
Hordaland fylkesarkiv	20 000	0			10	0	0	0	350	10
Interkommunalt arkiv i Hordaland	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Statsarkivet i Bergen	45 000	10 000	3 500	3 500	0		0		0	
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	211 500	15 000	114 000		2 500		459		3 000	
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal										
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	700	200	0	0	10	0	0	0	10	0
Statsarkivet i Trondheim										
Trondheim byarkiv					200	0	200	0	0	0
Arkiv i Nordland	8 000	800	0	0	105	0	0	0	450	25
Interkommunalt arkiv Troms										
Statsarkivet i Tromsø	50 000	0	0	0	3	0	0	0	8	0
Tromsø bibliotek og byarkiv		0	0	0		0	0	0		0
Interkommunalt arkiv i Finnmark					7					

Arkiv	Lydfestingar reg. i kat.syst.		Magasinkapasitet		Tilgang for publikum					
	Totalt	Tilvekst	Brukte hm	Ledige hm	Tilgjeng. samlingar?	Tilgang til katalog?	Tilrettelag. pub. areal?	Tilrettelag. pub. ten?	Opningstimar i veka	Arb.plassar pub.
Østfold interkommunale arkivselskap IKS	0	0	0	0	Nei	Nei	Nei	Nei	0	0
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	362		6 653	1 336	Ja	Ja	Ja	Nei	36	10
Oslo byarkiv			18 944	4 000	Ja	Ja	Ja	Nei	30	25
Riksarkivet	2		117 800	1 200	Ja	Ja	Ja	Ja	39	80
	413									
Statsarkivet i Oslo					Ja	Ja	Ja	Ja	30	60
Statsarkivet i Hamar	0		8 900	2 000	Ja	Ja	Ja	Nei	24	31
Fylkesarkivet i Oppland			3 700	6 300	Ja	Ja	Ja	Nei	35	10
Opplandsarkivet	0	0	3 500	250	Ja	Ja	Ja	Nei		50
IKA Kongsberg	0		3 600	4 700	Ja	Ja	Ja	Nei	8	2
Statsarkivet i Kongsberg			11 661	6 339	Ja	Ja	Ja	Ja	38	23
Fylkesarkivet for Vestfold	199	69	1 582	589	Ja	Ja	Ja	Nei	37	3
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS	2		6 300	8 000	Ja	Ja	Ja	Nei	26	12
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	0	0	2 400	50	Ja	Ja	Ja	Ja	36	22
Statsarkivet i Kristiansand	320	0	9 370	1 430	Ja	Ja	Ja	Nei	34	22
Haugesund byarkiv	0	0	2 200	300	Ja	Ja	Ja	Nei	37	2
Interkommunalt arkiv i Rogaland	0	0	3 536	1 000	Ja	Ja	Ja	Ja	5	34
Misjonsarkivet	0	0	1 700	300	Ja	Ja	Ja	Ja	35	6
Statsarkivet i Stavanger			12 218	182	Ja	Ja	Ja	Ja	34	38
Stavanger byarkiv			4 000	1 000	Ja	Ja	Ja	Nei	30	16
Bergen byarkiv			22 431	12 746	Ja	Ja	Ja	Ja	35	17
Hordaland fylkesarkiv	70	0	2 543	25	Ja	Ja	Nei	Nei	33	4
Interkommunalt arkiv i Hordaland	0	0	721	9	Ja	Ja	Nei	Nei	30	20
Statsarkivet i Bergen	0		14 500	100	Ja	Ja	Nei	Ja	33	22
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	2		6 380	4 320	Ja	Ja	Ja	Nei	20	6
	800									
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal					Ja	Ja	Nei	Nei	37	4
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	0	0	2 809	2 191	Ja	Ja	Ja	Nei	33	60
Statsarkivet i Trondheim			22 500	5 000	Ja	Ja	Ja	Ja	33	56
Trondheim byarkiv	0	0	20 000	10 000	Ja	Ja	Ja	Ja	30	66
Arkiv i Nordland	240	45	4 200	300	Ja	Ja	Ja	Ja	30	2
Interkommunalt arkiv Troms					Ja	Ja	Ja	Nei	35	25
Statsarkivet i Tromsø	0	0	9 700	10 300	Ja	Ja	Ja	Ja	34	25
Tromsø bibliotek og byarkiv	0	0	1 500	1 500	Ja	Delvis			6	
Interkommunalt arkiv i Finnmark			350	3 500	Ja	Ja	Ja	Nei	37	2

Arkiv	Nettenester			Besøk				Publikumsførespunader		
	Eiga nettside ?	Tilgang til kat.?	WAI-utforma?	Totalt	Omvising grupper	Nettside	Søk databasar	Totalt	Eigedomsdok.	Velferdsformål
Østfold interkommunale arkivselskap IKS	Ja	Nei	Nei	0	0	0	0	0	0	0
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	Ja	Nei	Nei	1 489	9	161 000		1 180		
Oslo byarkiv	Ja	Nei	Ja	1 483	12	109 500	94 900	1 927		
Riksarkivet	Ja	Ja	Ja	9 298	52	2 750 000	145 100 000	5 517		1 209
Statsarkivet i Oslo	Ja	Ja	Ja					3 072	900	900
Statsarkivet i Hamar	Ja	Ja	Ja	1 923	8			3 120	2 050	760
Fylkesarkivet i Oppland										
Opplandsarkivet, sekretariatet	Ja	Nei	Ja	2 800	1			900		
IKA Kongsberg	Ja	Ja	Nei	28	2	13 134		277		
Statsarkivet i Kongsberg	Ja	Ja	Ja	1 447	4			2 563	1 546	593
Fylkesarkivet for Vestfold	Ja	Ja	Nei	892	5	9 335	0	156	7	21
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS	Ja	Nei	Nei	997	3	20 048		174		88
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	Ja	Ja	Nei	1 276	3	28 000	0	257		200
Statsarkivet i Kristiansand	Ja	Nei	Nei	1 275	7			1 889		
Haugesund byarkiv	Nei	Nei	Nei	20	2			50	0	50
Interkommunalt arkiv i Rogaland	Ja	Ja	Ja	188	6			418	28	300
Misjonsarkivet	Ja	Ja	Nei	225	5	17 000	8 000	500	0	0
Statsarkivet i Stavanger	Ja	Ja	Nei	2 085	5			5 097		
Stavanger byarkiv	Nei	Nei	Nei	1 000	4			1 800	1 000	200
Bergen byarkiv	Ja	Ja	Nei	450	20			1 650	337	747
Hordaland fylkesarkiv	Ja	Nei	Ja	15	0			260	0	260
Interkommunalt arkiv i Hordaland	Ja	Ja	Nei	25	1	12 000	0	124	0	0
Statsarkivet i Bergen	Ja	Ja	Ja	1 970	10	2 880 000	56 163 152	6 098	2 200	400
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	Ja	Ja	Nei	48	5	25 200	35 500	190	5	20
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal	Ja	Ja	Nei							
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	Ja	Ja	Ja	274	10	323 038	0	3 920	15	125
Statsarkivet i Trondheim	Ja	Nei	Ja	7 694	40			3 099	1 428	638
Trondheim byarkiv	Ja	Nei	Ja	4 238	10	10 872	0	36 095	28 876	5 414
Arkiv i Nordland	Ja	Ja	Nei	206	6	5 703	1 500	782	5	49
Interkommunalt arkiv Troms	Ja	Ja	Nei	18	2			64	7	50
Statsarkivet i Tromsø	Ja	Ja	Ja	1 411	15			2 089	1 250	610
Tromsø bibliotek og byarkiv	Ja	Nei	Nei	24	0	520	Nei	76	20	
Interkommunalt arkiv i Finnmark	Ja	Ja	Nei					53		53

Arkiv	Særskilde tiltak			Tiltak mot utd.sektoren			Publikasjonar		Publisert eiga nettside	
	Tilskippingar	Foredrag	Utstillingar	Undervisningsopplegg	Grupper/ klasser	Orient-møter	Årleg	Katalogar	Artiklar	Nett-utstillingar
Østfold interkommunale arkivselskap IKS	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	15	19	1	1	1	4	1	0		
Oslo byarkiv	4	11	1	2	20	2	3	0	29	1
Riksarkivet	7		22	1	25	5	6			15
Statsarkivet i Oslo										12
Statsarkivet i Hamar	1	12	1	0	1	3	1		0	1
Fylkesarkivet i Oppland	1	1	1	5	2	1		225		
Opplandsarkivet	1	3	0	0	0	2	2	0	2	0
IKA Kongsberg	1			1	2	1	2			
Statsarkivet i Kongsberg	0	1	0	0	0	0	0	1 124	0	8
Fylkesarkivet for Vestfold	9	16	3	2	45	3	0	9	51	2
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS	3	10	2	4	18	1	3	1 612	25	5
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	9	21	7	3	16	2	1	65	7	6
Statsarkivet i Kristiansand	3	5	6			2			1	
Haugesund byarkiv	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0
Interkommunalt arkiv i Rogaland	2	8	0	5	5	2	0	1	3	1
Misjonsarkivet	1	3	1	0	0	5	0	20	7	1
Statsarkivet i Stavanger	3	15		3	2	1			12	1
Stavanger byarkiv	1	3	0	0	0	10	0	49	0	0
Bergen byarkiv	2	17	0	1	4	5	3	17	20	
Hordaland fylkesarkiv	6	11	0	0	6	0	0	0	0	0
Interkommunalt arkiv i Hordaland	2	1	0	1	0	0	2	3	2	0
Statsarkivet i Bergen	12	30	0	0	3	3	3	2	15	5
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	10	8	2	4	4	5	7		98	6
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal										
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	16	11	4	0	7	1	0	1	1	3
Statsarkivet i Trondheim	4	10		10	12	12	1	0	0	0
Trondheim byarkiv	3	6	4	0	0	1	0	13	0	0
Arkiv i Nordland	7	15	2	1	3	2	4	0	73	26
Interkommunalt arkiv Troms	1	12				1				
Statsarkivet i Tromsø	4	5	2	0	0	6	0	15	0	0
Tromsø bibliotek og byarkiv	0	0	0	0	0	0	0	4	0	0
Interkommunalt arkiv i Finnmark	4						1	2		

Arkiv	Digitaliserte dokumentsider		Digitaliserte foto		Dig. film/video		Dig. lydopptak		Område			Depot?
	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Totalt	Tilvekst	Statl.?	Fylkesk.?	Privat?	
Østfold interkommunale arkivselskap IKS	0	0	0	0	0	0	0	0	Nei	Ja	Nei	0
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	0		20 000		0		362	200	Nei	Nei	Ja	
Oslo byarkiv			9 760	100	160	40	0	0	Nei	Ja	Ja	1
Riksarkivet	7 966 132	2 394 320							Ja	Nei	Ja	
Statsarkivet i Oslo									Ja	Nei	Ja	
Statsarkivet i Hamar			0		0		0		Ja	Ja	Ja	0
Fylkesarkivet i Oppland	13 000	6 000	20 000	2 500	0	0	224	0	Ja	Ja	Ja	19
Opplandsarkivet, sekretariatet	570	570							Nei	Nei	Ja	
IKA Kongsberg									Nei	Ja	Ja	31
Statsarkivet i Kongsberg									Ja	Nei	Ja	
Fylkesarkivet for Vestfold	370	53	876	202	0	0	155	69	Nei	Ja	Ja	1
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS			6 000				1		Nei	Ja	Ja	16
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	18 500	18 300	5	1	0	0	0	0	Nei	Ja	Nei	16
Statsarkivet i Kristiansand							177	0	Ja	Nei	Ja	
Haugesund byarkiv	0	0	0	0	0	0	0	0	Nei	Ja	Nei	1
Interkommunalt arkiv i Rogaland	500	500	300	300	0	0	0	0	Nei	Ja	Nei	23
Misjonsarkivet	400	25	30 000	1 000	7	4	0	0	Nei	Nei	Ja	
Statsarkivet i Stavanger				2 000					Ja	Nei	Ja	
Stavanger byarkiv			948	948	22	22			Nei	Ja	Nei	1
Bergen byarkiv	10 000	1 835	3 000	1 105					Nei	Ja	Ja	1
Hordaland fylkesarkiv	0	0	0	0	0	0	0	0	Nei	Ja	Ja	1
Interkommunalt arkiv i Hordaland	0	0	0	0	0	0	0	0	Nei	Ja	Nei	26
Statsarkivet i Bergen				15 000	0	0	0	0	Ja	Nei	Nei	
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	5 300	2 000	68 000	1 000	35 000		3 000		Nei	Ja	Nei	26
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal									Nei	Ja	Ja	37
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	65	65							Nei	Ja	Ja	37
Statsarkivet i Trondheim									Ja	Ja	Ja	0
Trondheim byarkiv	1 800	1 800	0	0	4	0	0	0	Nei	Ja	Nei	1
Arkiv i Nordland	1 000	1 000	3 500	1 350	0	0	240	45	Nei	Ja	Ja	10
Interkommunalt arkiv Troms									Nei	Ja	Nei	12
Statsarkivet i Tromsø					0	0	0	0	Ja	Nei	Nei	
Tromsø bibliotek og byarkiv	194	0	0	0	0	0	0	0				1
Interkommunalt arkiv i Finnmark									Nei	Ja	Ja	18

Arkiv	Arbeid		Ansvar	Årsverk						Stillingar
	Tilsyn	Kursdelt.	Andre?	Faste	Mellomb.	Arkivfagl.	Andre	Kvinner	Menn	Fast tilsette
Østfold interkommunale arkivselskap IKS	150	351	Nei	2	0	2	0	2	0	2
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	30		Nei	15,2	0,8	9	7	9	7	16
Oslo byarkiv	920	130	Nei	17	1	15	2	8,5	8,5	18
Riksarkivet	3 067		Ja	110	10	95	25	57	63	115
Statsarkivet i Oslo	75		Nei	10		10		5	5	10
Statsarkivet i Hamar	995	0	Nei	11,85	0	6	8	9	5	14
Fylkesarkivet i Oppland	55	50	Nei	6	2	5	1	4	4	8
Opplandsarkivet	80	7	Ja	1					1	1
IKA Kongsberg			Nei	8	0,8	8,4	0,4	6	4	8
Statsarkivet i Kongsberg	55	0	Nei	11,1	1,4	3,7	8,8	7,45	5,05	12
Fylkesarkivet for Vestfold	50	0	Nei	6,2	0,1	6,2	0	8	0	7
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS	200	120	Ja	13	0,25	12	2	4	10	14
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	200	97	Nei	3,5	2,5	5,75	0,25	5	2	4
Statsarkivet i Kristiansand	15		Nei	12,27	1,48	12,53	1,22	5,67	8,08	14
Haugesund byarkiv	4	10	Nei	0,5	0	0,5	0	1	0	1
Interkommunalt arkiv i Rogaland	1 000	200	Nei	5	1	5	0	3	3	5
Misjonsarkivet	20	0	Nei	2,4	0	2,4	0	0,8	1,6	3
Statsarkivet i Stavanger	405	18	Nei	12,2	5,5	9,1	8,6	14	9	16
Stavanger byarkiv	10	0	Nei	3	1	1	3	2	2	3
Bergen byarkiv	1 200	100	Ja	43,5	20	36	29	34	31	44
Hordaland fylkesarkiv	30	0	Nei	4,5	1	5,5	0	2	3,5	5
Interkommunalt arkiv i Hordaland	63	70	Nei	5	0	5	0	3	2	5
Statsarkivet i Bergen			Nei	19,3	1	8	12,3	15,3	5	21
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	5	400	Nei	10,4	3	8	1	6	8	11
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal			Nei	4	3,7	7,7	0	3,7	4	4
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	500	150	Nei	7	1,8	7	0	4,8	4	7
Statsarkivet i Trondheim	7		Nei	12,1	8,3	18,1	3	14	8	13
Trondheim byarkiv	40	128	Ja	12	2	6	7	5	9	13
Arkiv i Nordland	350	210	Ja	6,8	3	7,4	2,4	4,8	5	8
Interkommunalt arkiv Troms	45	169	Nei	3	1	4		3	1	3
Statsarkivet i Tromsø	105	45	Nei	10	4	9	5	7	7	10
Tromsø bibliotek og byarkiv	0	0	Nei	1	0,25	1	1	2		1
Interkommunalt arkiv i Finnmark	75	77	Nei	4		4		4		4

Arkiv	Driftsinntekter					Driftskostnader			
	Innt.	Statleg	Fylkesk.	Komm.	Priv.	Varer og tenester	Løn inkl. pensjon	Husleige /drift	Andre driftsk.
Østfold interkommunale arkivselskap IKS	70	0	399	986	0	162	970	144	0
Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek	1 379	4 567			7 452		8 402	3 028	1 890
Oslo byarkiv	425	100		15 727	25		8 262	5 021	3 219
Riksarkivet	0	0	0	0	0	12 699	49 982	42 437	0
Statsarkivet i Oslo									
Statsarkivet i Hamar	75	11 000	0	0	0	700	4 000	5 000	200
Fylkesarkivet i Oppland	1 027	0	3 435	0	0	1 559	2 800	744	815
Opplandsarkivet	680		680			30	550	50	50
IKA Kongsberg	1 814	0		5 354			4 268		2 377
Statsarkivet i Kongsberg		12 740			50	4 492	4 544	7 793	0
Fylkesarkivet for Vestfold	7		4 077		60	611	3 180	270	83
Aust-Agder kulturhistoriske senter IKS	1 700		3 100	3 000		400	5 000	1 000	1 400
Interkommunalt arkiv Vest-Agder	117	240	248	1 800	0	776	1 957	275	164
Statsarkivet i Kristiansand		11 592	300			549	5 257	5 787	300
Haugesund byarkiv	0	0	0	220	0	20	220	0	0
Interkommunalt arkiv i Rogaland	230	0	136	3 410	0	100	2 100	686	640
Misjonsarkivet	108	1 038					1 149	100	106
Statsarkivet i Stavanger	2 731					600	5 000	5 000	
Stavanger byarkiv	20	0	0	3 000	0	70	1 816	925	7
Bergen byarkiv	9 000			23 000		3 100	20 900	8 000	
Hordaland fylkesarkiv	0	260	3 174	0	0	618	2 816	0	0
Interkommunalt arkiv i Hordaland	1 027	0	0	2 280	0	595	2 360	140	0
Statsarkivet i Bergen	761	12 920				675	7 757	5 234	
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane	100	0	6 200	2 700	20	400	6 600	2 000	100
Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal	275	350	582	3 211	0	318	3 228	910	442
Interkommunalt arkiv Trøndelag iks	6 707			6 707		1 829	4 185		
Statsarkivet i Trondheim	1 700						7 001	20 800	1 550
Trondheim byarkiv	1 100	103	0	0	0	1 200	4 720	980	0
Arkiv i Nordland	1 443		2 549	1 471		784	4 244	420	15
Interkommunalt arkiv Troms	337	0	0	1 608	0	316	1 308	60	
Statsarkivet i Tromsø	43	11 200				699	3 635	6 186	723
Tromsø bibliotek og byarkiv						320	550		
Interkommunalt arkiv i Finnmark	1 900			1 900		2 023			

BIBLIOTEKSTATISTIKK 2007

2.1 Hovudtrekk frå folke- og skulebibliotekstatistikken

Folkebibliotek

I 2007 var det 431 hovudbibliotek i landet. Med unntak for Tønsberg og Nøtterøy som driv bibliotek saman, har kvar kommune sitt eige bibliotek, med hovudbibliotek og filialar. Det blir levert samla statistikk for hovud- og filialbibliotek i kommunen. To kommunar har ikkje levert statistikk for 2007.

Til saman var det 807 folkebibliotekavdelingar i 2007, åtte færre enn året før. I tillegg kjem 34 mobile einingar drivne av folke- og fylkesbibliotek. Ein tredel av folkebibliotekavdelingane var kombinasjonsbibliotek med skule, og 92 prosent av kombinasjonsbiblioteka var i samarbeid med grunnskule.

Det var 2546 tilsette i folkebiblioteka som utførte til saman 1796 årsverk, 23 fleire årsverk enn året før. Kommunane fører stillingar knytt til reinhald, vaktmeistertjenester m.m. ulikt, noko ein skal vere merksam på ved samanlikning. Tilsette i slike stillingar sto for 71 av dei rapporterte årsverka. 307 av biblioteka hadde fagutdanna biblioteksjef, og til saman utførte 1077 tilsette med full bibliotekarutdanning 52 prosent av årsverka.

Opningstid

Det har vore ein auke i den gjennomsnittlege opningstida ved folkebiblioteka. Særleg har opningstida etter klokka 17 auka. Ved hovud-

biblioteka var det i gjennomsnitt ein halve time meir ope etter klokka 17 per veke. Om ein ser på alle avdelingane, hovudbibliotek inkluderte, auka opningstida med 23 minutt per avdeling etter klokka 17, og 22 minutt totalt. Heile auken skuldast såleis auka opningstider på ettermiddag og kveld. Når vi ser på endringa over dei siste ti åra, så er det ein auke i opningstida ved hovudbiblioteka på om lag to og ein halv time per bibliotek. I 1998 var det 645 filialar, og dei held ope 9,3 timer per veke. I 2007 var talet på filialar redusert til 376, og desse held i gjennomsnitt ope 12 timar per veke. Om vi ser på det samla talet på timar alle avdelingar held ope, er det ein nedgang på 3,4 prosent i perioden, men ein skal vere merksam på at dette ikkje tek omsyn til storleiken på avdelingane. Det som er klart, er at ein samstundes med nedlegginga av filialar dei siste ti åra har hatt ein markant auke i opningstider ved biblioteka som er igjen.

Økonomi

I statistikken for 2007 er det gjort nokre endringar i høve til åra før når det gjeld rapportering av økonomidata. Mellom anna er det gjort endringar i kva som blir ført som utgifter til løn og lokale. Ein skal difor vere varsam med å samanlikne utgiftene til folkebiblioteka frå eit år til eit anna. Ein skal og vere varsam med å samanlikne ulike bibliotek, då det er skilnader i korleis kommunane fører til dømes utgifter til lokale.

Som tidlegare år er tala for driftsutgifter i

- Hovudbiblioteka i kommunane held i gjennomsnitt ope to og ein halv time lengre per veke enn for ti år sidan.
- Utlånet i folkebiblioteka har gått ned med 1,4 prosent og var på 5,1 per person i 2007.
- Utlånet av lydbøker i folkebiblioteka auka med 10 prosent i 2007.
- Innsette i fengsla lånte i gjennomsnitt meir enn 90 bøker og andre medium i 2007.
- Den totale samlinga av digitale dokument i fag- og forskingsbibliotek auka med 280 millionar dokument siste året og tel ved utgangen av 2007 nær éin milliard dokument.
- Det samla talet på utlån og nedlastingar i fag- og forskingsbiblioteka passerte 10 millionar i 2007.
- Det var 700 000 e-bøker i samlingene til fag- og forskingsbiblioteka i 2007.

statistikken lågare enn dei reelle, fordi ikkje alle bibliotek leverer tal for kostnader knytt til lokale. Det var berre 199 bibliotek som rapporterte tal for husutgifter for 2007. Dei samla rapporterte utgiftene var på 1 180 millionar kr. 766 millionar gjekk til løn, og 145 millionar gjekk til kjøp av medium. Etter indeksregulering av rekneskapen for 2006 gir dette ein auke i utgiftene til medium per innbyggjar for andre året på rad. Etter mange år med nedgang i medieutgiftene er desse no på nivå med 2003. I tillegg til eige innkjøp, er ei betydeleg mengd av biblioteka sin tilvekst eit resultat av dei statleg finansierte innkjøpsordningane til Kulturrådet. I statistikken for 2007 blei det for første gong stilt spørsmål om kor stor del av tilveksten som kom frå desse ordningane. 371 av biblioteka svarte på dette, og for desse biblioteka sto ordningane for 28 prosent av tilveksten. Bestanden av lydbøker, musikk, film og andre ikkje papirbaserte medium auka med seks prosent og utgjorde i 2007 9,2 prosent av samlingane.

Besøk

Etter ein topp i talet på besøk i 2005 med 5,1 besøk per innbyggjar, har talet på besøk gått ned for andre året på rad, og ligg no på 4,7 besøk per innbyggjar. Det er ikkje alle bibliotek som rapporterer tal for besøk, og for 2007 var det 19 bibliotek som mangla tal. Med seks besøk per innbyggjar er Sør-Trøndelag fylket med flest besøk. Medan talet på besøk per innbyggjar har gått ned eller endra seg lite dei sist åra for dei fleste fylka, skil

Troms seg ut. For tredje året på rad er det ein kraftig auke i tala på besøk per innbyggjar i fylket, og frå 2004 til 2007 har dei gått frå 3,1 til 5,5. Det er utviklinga ved folkebiblioteket i Tromsø som trekk besøkstala for fylket opp. Med nytt bibliotek i 2005 har Tromsø auka besøket frå 3,1 i 2004 til 8,1 besøk per innbyggjar i 2007.

Statistikken syner ikkje kor stor del av befolkninga som har besøkt folkebiblioteka. Statistisk sentralbyrå gjer med jamne mellomrom undersøkingar på oppdrag frå ABM-utvikling. Den siste undersøkinga er frå 2006, og syner at nær halvparten av befolkninga bruker folkebiblioteka i løpet av eit år. Statistikken gjev heller ikkje svar på i kva grad biblioteka sine nettenester blir brukte. Når ein bruker statistikken, skal ein difor vere merksam på at han ikkje gjev eit dekkjande bilete av bruken av biblioteka og tenestetilbodet deira før denne delen av verksemda kjem med.

Utlån

For første gong har vi bedt biblioteka rapportere talet på aktive lånarar i løpet av året, og 347 av dei har levert tal for dette. Hovudtyngda av biblioteka, 277 bibliotek, hadde mellom 10 og 30 utlån per aktiv lånar. Ein skal vere merksam på at det er skilnader mellom biblioteka når det gjeld registrering av eigne lånekort for barn, og at det vil variere i kva grad foreldre lånar for dei.

Utlånet per innbyggjar gjekk ned med 1,4 prosent frå 2006, og var på 5,1 i 2007. I motsetnad til

Utlån per innbyggjar

Ti på topp

1	<i>Utsira</i>	<i>Rogaland</i>	37,05
2	<i>Modalen</i>	<i>Hordaland</i>	14,76
3	<i>Bokn</i>	<i>Rogaland</i>	14,65
4	<i>Tolga</i>	<i>Hedmark</i>	13,29
5	<i>Fyresdal</i>	<i>Telemark</i>	12,93
6	<i>Lund</i>	<i>Rogaland</i>	12,80
7	<i>Hemsedal</i>	<i>Buskerud</i>	12,25
8	<i>Bykle</i>	<i>Aust-Agder</i>	11,88
9	<i>Rendalen</i>	<i>Hedmark</i>	11,85
10	<i>Måsøy</i>	<i>Finnmark</i>	11,69

Ti på botn

422	<i>Gulen</i>	<i>Sogn og Fjordane</i>	1,74
423	<i>Volda</i>	<i>Møre og Romsdal</i>	1,62
424	<i>Vågsøy</i>	<i>Sogn og Fjordane</i>	1,55
424	<i>Tysnes</i>	<i>Hordaland</i>	1,55
426	<i>Engerdal</i>	<i>Hedmark</i>	1,50
427	<i>Tranøy</i>	<i>Troms</i>	1,26
428	<i>Hvaler</i>	<i>Østfold</i>	1,21
429	<i>Midtre Gauldal</i>	<i>Sør-Trøndelag</i>	1,20
430	<i>Gratangen</i>	<i>Troms</i>	0,80
431	<i>Balsfjord</i>	<i>Troms</i>	0,62

året før auka utlånet av andre medium enn bøker, aviser og tidsskrift per innbyggjar, men berre med 1,3 prosent. Det var berre utlånet av lydbøker som auka, med 10 prosent, medan utlånet av film og musikk gjekk ned med 1 og 2 prosent. Nedgangen i utlånet av bøker per innbyggjar var på 2,5 prosent, og det er nedgangen i utlånet av faglitteratur per vaksen som er størst, med 5,7 prosent. Utlånet av skjønnlitteratur syner ein svakare nedgang, med 1,7 prosent. Nedgangen i utlånet av bøker for barn per barn var på 0,7 prosent, og skuldast ein nedgang i utlånet av fagbøker på 3,4 prosent, medan utlånet av skjønnlitteratur for barn held seg.

Når vi ser utlånet av film, lydbøker, musikk og bøker samla, utgjør utlånet av medium til barn 42 prosent. Dette gir eit utlån av medium per barn som er tre gonger høgre enn utlånet av medium per vaksen.

Fylkesbibliotek

I 2007 hadde fylkesbiblioteka driftsutgifter på 122 mill. kr. I 2006 mangla det rekneskap for eitt bibliotek, men om vi ser på biblioteka som leverte rekneskapstal både i 2007 og 2006, er det ein auke på om lag ti prosent. Som tidlegare er den største utgiftsposten løn, og 72,5 mill. gjekk til dette, ein auke på 10,5 prosent.

Tre fylkesbibliotek har satt fjernlån, og tre har satt direkte utlån bort til folkebibliotek. Talet på tingingar fylkesbiblioteka mottok og sender vidare går framleis ned, og i 2007 blei berre 2,3 prosent

